

Øystein Djupedal opplevde ein eventyrleg dag i Iveland:

Fylkesmannen i gruva

-Er beryll smaragd? spurde ein nyskjerrig fylkesmann Øystein Djupedal då han tysdag gjekk i gang med meisel og hakke i Steligruva i Iveland der det verkeleg er funne flotte eksemplar av smaragden beryllium.

Tekst og foto:
Sigurd Haugsgjerd

Der fekk fylkesmannen sanne uttrykket om at den som verkeleg er nyskjerrig, kan få mange store opplevingar. I Steligruva fekk Djupedal både fyre av ei salve med dynamitt og etterpå gå inn i gruva og hakke og grave fram rikdommane som Iveland er så kjend for. Det som i følgje kommunen sin eigen geologikonsulent, Kjell Gunnufsen, hadde lege der i ro i rundt 860 millionar år, velta no fram der fylkesmannen, nesten på dristig vis, gjekk laus med hakka. Ei stund såg det ut som det kunne vere bomskot, og ordførar Ole Magne Omdal greidde ikkje å halde seg:

-Her må nok fylkesmannen inn med skjønnsmidlar, meinte han.

Skriftgranitt

Djupedal gav seg ikkje, og ikkje lenge etterpå kunne han vise fram flotte almandinggranatar, rett nok små, men veldig fint krystalliser-te. Han fann også skriftgranitt, dette mineralet som Iveland-ordføraren så stolt plar dele ut som gåver til gjester i kommunen. Det eignar seg godt til produksjon av alt frå klokke og bokstøtter til termometer. Mineralet finst endå til i det nye ordførarkjedet i Iveland.

-Du må leite etter beryll, denne smaragden som er det aller gjevaste av det me har, sa Kjell Gunnufsen, og fylkesmannen dreiv på. Rotna eller forvitra beryll blir til milaritt og bertranditt, så liten at ein må ha lupe for å sjå han. Det var i Iveland den fyrste av desse vart funne, og både fylkesmann og landbruksdirektør Leif Løhaugen



PÅ SMARAGDJAKT. Fylkesmann Øystein Djupedal (t.v.) fekk hjelp av fagmannen Kjell Gunnufsen i Steligruva i Iveland tysdag.

fekk med seg kvar sin av desse frå Iveland tysdag.

-Det fantastiske med å vere fylkesmann er å få oppleve slikt, sa Djupedal då han takka etterpå.

Rosa Ole Magne

Under ei lita bordsete på Ogge Gjestehjem hadde han teke av seg kjeledressen att, og om joggeskoa var noko fylte av gruvestøv, var han embetsmannen då han igjen tok ordet:

-Ole Magne Omdal har vore ein god mann for Iveland kommune i snart 16 år. Når han no vil gje seg, synest eg personleg det er svært leitt. Men politikk har si tid, det har også eg erfart. Iveland har hatt

ei fin utvikling i hans tid som ordførar, og eg vil tru at dette kan utviklast vidare. Det er dykk som styrer butikken kringom i kommunane. Me i fylkesmannsembetet skal berre sjå etter at butikken blir driven godt, sa Djupedal. Og han var vel nøgd, for som han skreiv på takplata til Salve Øina etter besøket på garden hans tidlegare på dagen:

-Takk for ein minnerik dag med fantastiske opplevingar.

-Skal framleis bu folk i Iveland

Fylkesmannen skal sjå på heilskapen, og me meiner at det framleis skal bu folk i Iveland. Då må me også legge til rette for det, sa Øystein Djupedal i

Iveland tysdag. Han hadde truleg meklinga om bustadfeltet sør for Skaiå i friskt minne.

-Eg trur at de er vel nøgde med meklinga me gjennomførte. Ofte har faglege etatar ei innstilling prega av sektorsyn, men i meklingar legg me vekt på heilskapssynet. Det kan nok kome til å skje igjen at embetet ikkje har heilt same oppfatninga som kommunane. Då må me i meklingsmøte att, sa han.



Arild Omestad (t.v.) som driv mineralutsalet Beryll på Kile, var med som fagmann då fylkesmann Øystein Djupedal fekk fyre av ei salve i Steligruva i Iveland tysdag.



Ordførar Ole Magne Omdal (t.v.) takka for ein gild dag ved å overrekke fylkesmann Øystein Djupedal (t.h.) den nye kultursoga for Iveland. I bakgrunnen rådmann Håkon Rissmann-Bredesen, kommunalsjef Lars-Ivar Gjerv og kommunen sin geologiske konsulent, Kjell Gunnufsen.